



# KYSTVERKET

Vest

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2018/242-7

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Turid Susort Jansen

Dato:

12.07.2019

## Motsegn til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - Lindås kommune - Hordaland fylke

### Kystverket går til motsegn mot deler av planlagt småbåthamn ved Feste. Småbåthamna kjem i konflikt med farleia for skipstrafikken, og må reduserast.

Syner til brev av 2.7.2019 vedkomne temarevisjon av KPA, samt vår uttale av 28.9.2018.

Tema som skal reviderast i arealdelen til kommuneplanen er sentrumsutvikling, næringsutvikling, bustadutvikling, LNF-områda, grønstruktur og byggeområde for naust og småbåtanlegg. Det er tre kommunedelplanar som ikkje er ein del av rulleringing av kommuneplanen, det er KDP for Lindåsneset og Mongstad, KDP for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og KDP for Knarvik- Alvesundet med Alverstraumen.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til framkomma, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket har registrert farleier (hovud- og bileier) langs heile Norskekysten. Farleiene inngår som eit viktig ledd i transportsystemet, og er naudsynte for å ivareta tryggleiken, framkomma og effektiviteten for sjøtransporten.

Kommunen si arealplanlegging skal sikre tilstrekkelig areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken, og det må takas omsyn til farleiene som går gjennom kommunen sine sjøareal.



På kartet syner farleiene som blå stripla linjer. Det grøne arealet syner kor staten v/Kystverket har mynde etter havne- og farvannslova, jf. *forskrift om farleder* (FOR-2009-11-30-1477)

Alle tiltak som kan verke på tryggleiken eller framkomma i farvatnet krev løyve etter havne- og farvannslova.

#### Regionkontor Vest

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)



For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Den indre kystleia går gjennom Radsundet og er særst viktig for passasjertrafikken, men og for andre fartøy som går i nyttetraffikk. Kommunen legg opp til revisjon av naust og småbåtanlegg. Desse må ikkje planleggast slik at dei kjem i konflikt med farleiene.



**Planlagt småbåthamna ved Feste** er eit tiltak som kan virke på tryggleiken i farleia. Her ligg eksisterande flytebrygge heilt ut til arealet avsett til farleia «2262-Alversund-Fonnesstraumen». Kystverket sendte den 17.7.2018 motsegn til reguleringsplan for utviding av denne småbåthamna, med planid 1263-2016-09. **Motsegna er ikkje trekt. Plankartet må endrast slik at område for småbåthamna (VS2) ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia (grønt areal).** Søkjar er orientert om dette i fleire omgangar, og har fått ei absolutt grense for kor langt flytebryggja kan strekkjast ut i farvatnet.




Tilbakemelding gitt til søkjar:  
Tiltaket må ikkje komme inn i arealet avsett til farleia (grønt areal i kart).  
Tiltaksgrensa går i rett linje frå Festeneset til nes ved Øyskjera, vist med blå linje.



**KYSTVERKET** i planeringsarbeidet. I planeringsarbeidet legg ikkje kommunen opp til nye områder for akvakultur. Når dette vert gjort må ein vera merksam på at akvakultur ekskluderer andre føremål som eksempelvis farlei og ferdsel.

Kommunen bør ha dialog med nabokommunane ved planlegging i sjøområda. Det bør vere samsvar i arealføremåla inn mot nabokommunen sitt sjøområde, dette gjeld særlig i felles fjordar der kor dette har verknad for arealbruken. Eksempel på dette er ankringsområdet «Fonnesflaket» som ligg på kommunegrensa mellom Lindås og Austrheim.



Felt med raud innramming viser ankringsområda.

Arealplankartet er grovmaska, og det er vanskeleg å skille ut dei enkelte tiltaka som kan komma i konflikt med trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet ut frå plankartet. Vår uttale er derfor ikkje uttømande.

Til kommunen sin orientering kan ein finne informasjon om til dømes farleier og navigasjonsinstallasjonar på Kystverket si kartteneste [Kystinfo.no](http://kystinfo.no), og statistikk over skipstrafikken på [Kystdatahuset.no](http://kystdatahuset.no). Ta gjerne kontakt om dykk ynskjer meir informasjon om sjøverts ferdsel.

Kommunen kan og importere farleier og navigasjonsinnretningar via Georange: <https://kartkatalog.georange.no/metadata/kystverket/navigasjonsinstallasjoner-wms/80b7eab8-d5da-4136-8ec6-2002867a2b2b>

Med helsing

Anne Britt Ottøy  
senioringeniør

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:

Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

